



DEN NORSKE KYRKJA  
Fjaler kyrkjekontor  
Dalstunet, Dalsvegen 105A  
6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon: 57 73 97 70  
E-post: [kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no)  
[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

# KONFIRMAN† 2022

Dale, tysdag 18. mai 2021

## Kjære ungdom og foreldre/føresette!

Vi inviterer deg til å vere med på konfirmasjonstida i Fjaler for året 2021-2022 med konfirmasjonsgudsteneste på vårparten neste år. Vi håpar du har lyst å vere med!

Som konfirmand vert du betre kjend med oss som arbeider i kyrkja og kyrkjelyden.

Men vi ønskjer aller mest at du skal bli betre kjend med Jesus Kristus.

Vi vil fokusere på dei "STORE" spørsmåla; om Gud, om trua og mennesket, livet og døden.

Dessutan vil vi diskutere mange etiske tema og dei vala vi gjer i livet.

Konfirmasjonstida sitt timetal er til saman 60 timer der vi skal gjøre og vere saman om mange ting.

Alle konfirmasjonssamlingane er utanom skuletida i Dale kyrkje med måltid på Ljosheim.

Det vil vere ei samling i månaden i tidsrommet **kl.18.00-20.30**. (Sjå vedlagte «hugsliste»)

I tillegg til dette blir konfirmantane delte inn grupper der kvar gruppe førebur ei gudsteneste.

Det vil være ei førebuingssamling for kvar gruppe før desse gudstenestene.

**Onsdag 20. oktober 2021, ettermiddag og kveld**, reiser konfirmantane på inspirasjonssamling med Farmenprest Thor Haavik på Alværa Misjonssenter der også Askvollkonfirmantane deltek. Vi ber konfirmantfamiliane merke av denne datoен då turen har høg prioritet i konfirmantoppblegget.

**Fredag 21. januar 2022** reiser konfirmantane på **Nattcup** til Førde.

Det planlagt **konfirmanthelg** på Alværa laurdag 2. – søndag 3. april 2022.

Den obligatoriske **samtalegudstenesta** vil vi ha som avslutning på konfirmanthelga: **søndag 3. april kl. 19.00 i Dale kyrkje** for alle konfirmantane i Fjaler.

**Fasteaksjonen, mandag 4. – tysdag 5. april 2022**, er ein dør-til-dør-aksjon der konfirmantane samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Bøsseberarane vel sjølv den dagen det passar. Fasteaksjonen blir avslutta med **solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 5. april kl. 20.00**.

I løpet av året må konfirmantane delta på til saman **10 gudstenester** – også som *medliturgar* saman med presten. Dei song- og musikkglade konfirmantane kan bidra som *forsongarar, synge i kor og spele* i nokre gudstenester. Vi treng også nokre til å styre powerpoint på einskilde gudstenester.

Skal oppblegget fungere, krevst det at kvar konfirmand er veldig til:

- Å gå inn for å få mest mogleg ut av konfirmasjonstida.
- Å fylgje oppblegget så langt som råd.

Udøypte konfirmantar kan bli døypt i løpet av konfirmasjonstida. For å bli konfirmert, må ein vere døypt. Viss dette er aktuelt, berre ta kontakt.

Eigenbetaling for aktivitet i konfirmantåret er med og dekker utgifter til Nattcupen m/bussreise retur laurdag morgen frå Førde, konfirmanthelg på Alværa, og konfirmantkapper som leverast ferdig vaska og strokne konfirmasjonsdagen.

Eigenbetaling for konfirmasjonsåret er på kr.1400,-. Giro vil bli levert/sendt til dei påmelde på haustparten.

Ønskjer du å bli innskriven som konfirmant, må du gå inn på denne adressa:

<https://minkirkeside.no/Fjaler> (du finn lenkja på heimesida vår) og melde deg på. Ha klart personnummer, telefonnummer og e-post til konfirmanten og foreldra samt stad og dato for dåp før du begynner. Du registerer deg først med mobilnummer, så får du ein kode som du tastar inn. Du kan logge deg inn igjen seinare om du vil endre eller legge til opplysningar. Vi anbefaler at konfirmant og foreldre/føresette gjer dette i lag.

Om ikkje du får til elektronisk påmelding, må du ta kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.

**Før sommarferien** er gudstenester med konfirmantinnskriving desse søndagane:

<b>Hellevik kapell</b>	<b>søndag 6. juni</b>	<b>kl.11.00</b>
<b>Dale kyrkje</b>	<b>søndag 6. juni</b>	<b>kl.19.00</b>
<b>Guddal kyrkje</b>	<b>søndag 13. juni</b>	<b>kl.11.00</b>

Til hausten er gudstenestene med konfirmantpresentasjon desse søndagane:

<b>Folkestad kapell</b>	<b>søndag 15. august</b>	<b>kl.11.00</b>
<b>Dale kyrkje</b>	<b>søndag 29. august</b>	<b>kl.11.00</b>
<b>Guddal kyrkje</b>	<b>søndag 29. august</b>	<b>kl.14.00</b>

**Konfirmasjonsgudstenestene** våren 2022 er sett opp slik:

<b>Folkestad kapell</b>	<b>laurdag 30. april</b>	<b>kl.11.00</b>
<b>Dale kyrkje</b>	<b>laurdag 7. mai</b>	<b>kl.11.00</b>
<b>Guddal kyrkje</b>	<b>laurdag 14. mai</b>	<b>kl.10.00</b>
<b>Guddal kyrkje</b>	<b>laurdag 14. mai</b>	<b>kl.12.00</b>

**NB!** På grunn av situasjonen rundt korona-pandemien, må vi ta forbehold om endringar i opplegget.

Vi ser fram til å bli betre kjent med deg! Velkommen som konfirmant!

Beste helsing

Knut Arne Kummeneje, sokneprest

Mobil: 908 55 230

[knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no](mailto:knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no)